

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	01.03.2024
Vår referanse	2024/8556-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632


Mowi ASA - Søknad om løyve til utviding av produksjonskapasitet i anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13482 Kvinge S i Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 21.02.2022 frå Mowi ASA om løyve til utviding av produksjonskapasitet i anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13482 Kvinge S i Masfjorden kommune.

Om søknaden

Mowi ASA søker om utviding av løyve frå eit maksimalt årleg fôrforbruk på 830 tonn og maksimal samla biomasse på inntil 670 tonn til 930 tonn produsert biomasse i året og bruk av 900 tonn fôr. Anlegget planlegg ein årleg produksjon på 5,0 millionar stk. sjøklar settefisk innanfor ein snittstorleik på 185 gram.

Søknaden inneber ikkje endring i arealbruk, og eksisterande utlagde leidningar i sjø skal nyttast.



Figur 1. Oversikt over smoltanlegget på Kvinge med tilhørende rørgater for inntak av ferskvann fra Sørkvingevatnet, dammen ved utløpet av Sørkvingevatnet, utslippene samt sjøvannsinntaket i Skutevika.

Anlegget har vassdragskonsesjon frå NVE av 15.04.2021 for regulering og uttak av vann frå Sørkvingevatnet. Mowi ASA har i brev av 8.12.2023 lagt fram planane for utviding av produksjonen i anlegget for NVE, som viser at anlegget sitt vassforbruk etter utvidinga vil ligge godt innanfor rammene i gjeldande vassdragskonsesjon.

Eit utvida anlegg vil gje samfunnsmessige positive ringverknader, både ved trygging av arbeidsplassane, men særleg ved å sikre lokal smolt til Mowi ASA sine anlegg i området. Anlegget sine kundar vil også få tilført ein større og meir robust settefisk som vil gi redusert produksjonstid i sjø, redusert svinn, redusert tidsrom for lusepåsleg og økt lønnsemd

Om KU

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Søknaden er supplert med ein rapport for området som omhandlar konsekvensar av tiltaket og verdivurdering av naturmangfald. Denne gjev grunnlag for vurdering av verknader av omsøkt tiltak for miljø og samfunn. Rapporten gjev utfyllande informasjon og vurderingar knytt til dei ulike punkta i søknadsskjemaet for akvakultur i landbasert anlegg. Denne dokumentasjonen er grunnlag for å vurdere utsleppsløve etter forureiningslova og for den samla konsesjonsramma etter akvakulturlova. Det meste av dokumentasjonen er basert på tilgjengeleg informasjon og kjent kunnskap. Dei ulike deltema er skildra grundig.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Endre Korsøen

seniorrådgjevar

INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi: Mowi ASA